| 1000 Rådmann | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 3 477 | 7 097’ | 49 % | |
| **Driftsramme** | **8 930’** | **11 830’** | 80 % | |

| Ansvar | Teneste | Tenesteområde | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 1000 Rådmann | Oppsummering: | | Ligg an til å halde budsjett. Overforbruk på drift knytt til rekruttering vil bli dekka av lønsbudsjett knytt til to kommunalsjefsstillingar som har stått vakant fram til 1 oktober |
| | 1000 | Politisk styring | Innafor budsjett, men overforbruk til gåver som ikkje er budsjettert. Det er kjøpt inn nytt utstyr IKT utstyr til det sosiale rommet/fleirbrukshallen som ikkje er budsjettert for |
| | 1002 | Val | 60% av budsjettet er nytta grunna krav om høg datatryggleik i høve kommune- og fylkestingsvalet. Me har måtta kjøpa inn nye pc’ar, og anna utstyr for å halda standaren Valdirektoratet krev for valet |
| | 1200 | Administrasjon | 120 000,- til rekruttering (kampanje) skal dekkjast av ubrukte lønsmidlar til kommunalsjefane. Utgift til kontingent for KS medlemsskap har i 2023 auka til 110 000,- og totalbudsjettet er på 120 000,- |
| | 1201 | Personalavd | Underforbruk grunna vakant stilling som kommunalsjef.<br>Innsynskrav frå pressa der kommunen måtte ha juridisk bistand på 11000,- som det ikkje var budsjettert for |
| | 1202 | Økonomiavdeling | Mindre support frå Visma enn budsjettert. Framleis vakant stilling som lønnsmedarbeidar. Ligg godt under budsjett (25 %). |
| | 1203 | Fellestenester | 62 % av budsjettet er nytta. |
| | 1204 | Oppfølging personalplan | Underforbruk<br>Skuldast vakant stilling |
| | 1205 | IKT | Forskotsbudsjettering frå IKTNH gjer at a-konto faktura for 2. tertial allereie er ført i rekneskapen |
| | 1700 | Årets premieavvik | Kjem ved årsslutt |
| | 1710 | Amortisering av premieavvik | Kjem ved årsslutt |
| | 1802 | Eldreråd | Utgifter til markering av eldredagen kjem i oktober. |
| | 2311 | Ungdomsråd | Underforbruk fram til no i år. |
| | 2331 | Bedriftshelseteneste | Lite overforbruk grunna arbeid på sjukeheimen (sjukefråvær) |

| | | |
|---|---|---|
| 3250 | Tilretteleggjing og bistand for næringslivet | Summen på 20 000,- er ikkje brukt, men det er eit overforbruk på reiseliv, og det må belastast her |
| 3255 | Reiseliv | Det var satt av 70 000,- og til no er det brukt 145 000,-. Dette skuldast vedtak om å etablere reiselivskoordinator (50 000,-) som ikkje var budsjettert for. Utgifter til Fedje Landhandleri (kommunen sin turistinformasjon), ny reiselivsbrosjyre, kjøp av foto og utgift til regionrådet knytt til reiseliv ( 30 000,-) og smaken av Nordhordland (13 000,-) |
| 3900 | Den norske kyrkja | Løyvinga er betalt ut. I tillegg ligg det 50 000,- som ikkje var budsjettert for. Dette er ei ekstraløyving som kommunestyret har vedteke |
| 3920 | Tilskot tru- og livssynssamfunn | Går ut frå 010121 pga. ny lov der alle tilskot vert utbetalt av Staten. |

| **1100 Kulturtenester** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 903’ | 1 590’ | 57 % | |
| **Driftsramme** | **938’** | **1 982’** | 47 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 1100 Kulturtenester | Oppsummering: | | Ligg an til å halde budsjettet |
| | 2312 | Ungdomsklubb | 62% av budsjettet er nytta, ungdomsklubben har fått tilført eit tilskot på 100 000,- frå Barne- ungdoms og familiedepartementet, dette er prosjektmidlar til inkludera barn og unge. Dette er grunnen til at det ser ut som ungdomsklubben berre har nytta 30 % av sitt budsjett. Om ein ikkje nyttar prosjektmidlane etter krava som er sett i tildelinga, må kommunen betala tilbake midlane til Barne- ungdoms og familiedepartementet. |
| | 3650 | Kulturminneforvaltning | Her kjem utgiftene seinare på året. Ingenting av budsjettposten på 10 000,- kr er nytta så langt i 2023. |
| | 3700 | Bibliotek | 75 % budsjettet er nytta. Det er nokre avgifter som er betalt i starten av året, som er avgifter for heile 2023. I tillegg er det vikarbruk i høve studie for biblioteksjefen. |
| | 3750 | Museum | Vert betalt på slutten av året. Har framleis avtale med kulturvernsenteret i Hordaland. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 3812 | Fleirbrukshall | Det er kommen inn litt meir leigeinntekter en det som er buskjettert med. |
| | 3830 | Kulturskule | 55 % av budsjettet er nytta. Det kjem ein del utgifter mot slutten av året, men og inntekter på brukarbetaling. Kulturskulen har i år mange fleire elevar enn det har vore tidlegare. |
| | 3850 | Andre kultur aktivitetar | 26 % av budsjetter er nytta. Det kjem ein del utgifter mot slutten av året som vert ført her, mellom anna kulturmidlane som kommunen delar ut. |

| **2000 Levekår** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 1 013' | 1 654' | 61 % | |
| **Driftsramme** | **983'** | **2 315'** | 43 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 2000 Levekår | Oppsummering: | | Ligg godt an til å halde budsjettet |
| | 1200 | Administrasjon | Balanse |
| | 2320 | Førebygging- helsestasjon og skulehelseteneste | Avtalen med Austrheim kommune vart underskrevet etter at budsjettet 2023 var vedteke. Det er eit meirforbruk på kjøp av teneste på kr 160 000 kr.<br><br>Meirinntekt for styrking av helsesjukepleiartenesta kr 150 000 kr |
| | 2321 | Jordmorteneste | Balanse |
| | 2334 | Anna førebyggjande helsearbeid | Salto, Krisesenteret i Bergen og NOK Bergen er utgifter her. Dette er avtalte utgifter – balanse |
| | 2411 | Fysioterapi | Meirinntekt med høgare refusjonar frå Helfo enn budsjetert |
| | 2413 | Ergoterapi | Meirforbruk – grunna auka kostand på tenesta (teneste me kjøpar frå Austrheim kommune) på 35 000 kr |

| 2100 Skule | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 9 522’ | 14 319’ | 67 % | |
| **Driftsramme** | **8 651’** | **13 211’** | 66 % | |

| Ansvar | Teneste | Tenesteområde | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 2100<br>Fedje skule | Oppsummering: | | Ligg an til å halde budsjettet, men lønsutgiftene er noko høge. |
| | 2020 | Grunnskule | Utgifter til fast løn ligg noko høgt. Det vart oppretta ei konsulentstilling grunna tettare oppfølging på barnetrinn og SFO om lag på 90%. Desse utgiftene er ført under post 12700.<br>Sluttavtale med tidlegare rektor er ein sentral faktor kring høge lønsutgifter.<br><br>Nokre av lønsutgiftene vert finansiert av tilskot frå BUFDIR og UDIR (Skulelos og vidareutdanning).<br>Skulen har pr no 7 elevar frå Ukraina. Me har auka lønsutgifter for to-språkleg lærar.<br><br>Utgiftene til undervisningsmateriell er ujamt fordelt gjennom skuleåret, og størstedelen av utgiftene kjem ved skulestart. Dette gjeld og for utgifter til lisensar, leasing /kjøp av inventar og utstyr.<br><br>Refusjonar frå staten/refusjon frå andre kjem dei fleste av desse inntektene etterskotsvis<br>Statleg overføring - oppfølgingsordninga 350.000 ,- kom i juni.<br><br>Det vi veit kjem er:<br>Skulelos 270 000,-<br>Frikjøp HTV 110 000,- |
| | 2021 | Den kulturelle skulesekk | Rekneskap for 2022 er sendt inn. Midlane for DKS vil bli utbetalt no når dette er på plass. |
| | 2130 | Vaksen-opplæring | Elevtalet på vaksenopplæringa er stabilt. 60% undervisningstilling. Budsjetterte lønsutgifter er i balanse. Staten yter 45000,- pr. flyktning til norskopplæring i eitt år. No i haust har nokre av flyktningane ha brukt opp sitt år, og me ser at dette er for lite. Regjeringa har innvilga 18 månedar (½ år ekstra) men det er usikkert om det kjem midlar til å dekkje dette. |
| | 2150 | Skulefritids-ordninga | Aukande elevtal etter oppstart august, men det er innført gratis sfo i 12 timar pr veke for 2. klasse i tillegg til 1. klasse. Foreldrebetalinga er låg, men stabil frå 1. tertial. Me ser behov for auka bemanning med ukrainsk ressurs. I tillegg har me noko auka bemanning grunna tettare oppfølging. |

| **2200 Barnehage** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 2 923’ | 4 006’ | 73 % | |
| **Driftsramme** | **2 998’** | **4 148’** | 72 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 2200 Barnehage | Oppsummering: | | Auke i bemanning gjer eit meirforbruk. Barnehagen har fått fleire born. Dette krev fleire tilsette i fht nasjonal norm. |
| | 2010 | Barnehage | Det er alltid utfordrande å vere heilt sikker på kor mange born det blir i barnehagen til ei kvar tid. Vedtektene til barnehagen presiserer at «bemanninga i barnehagen skal tilpassast inntaket til ei kvar tid.»<br>Grunna jamn auke i barnetalet, og born på venteliste, måtte barnehagen auke bemanning januar 2023. Dette var ikkje budsjettert for. Dette medførte at me har, og vil ha ei auke i lønnsutgifter ut året. Barnehagen auka bemanninga med 1 årsverk frå og med 1. januar, og ein må dirfor auke budsjettet for å dekkje inn denne stillinga. Dette vil utgjere 640.838,- (inkl pensjon og aga). Det er og brukt meir til vikar enn budsjettert for.<br><br>Vi har rekna at barnetalet mest sannsynleg vil gå noko ned hausten 2023. Dette visar seg å være feil. Det vil bli endå fleire born i barnehagen utover hausten.<br>Slik utviklinga har vore til no reknar me med at me vil ha ei jamn og positiv utvikling framover (fleire born), og utgiftar til løn vil auke i 2024 for å stette lovkrav om tal born/tilsette<br><br>Det manglar ein del tilbakebetaling av refusjonar som vil gjere at utgiftar til vikar blir mindre |

| 2300 Pleie og omsorg | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 12 959' | 18 560' | 70 % | |
| **Driftsramme** | **14 889'** | **18 974'** | 79 % | |

| Ansvar | Teneste | Tenesteområde | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 2300 Pleie og omsorg | Oppsummering: | | Meirutgifter grunna stort sjukefråvær i fast turnus |
| | 2341 | Psykisk helse, RUS & dagsenter | Meirforbruk innan løn kjem av stillingsauke til miljøterapeut frå 40 til 60 %. Meirforbruk vert delvis saldert mot avvikling av FACT-team og mindreutgift psykolog. |
| | 2340 | Aktivisering og servicetenester til eldre og personar med nedsatt funksjonsevne | Meirforbruk lønnsutgift kr.100 000 til kreftkoordinator, da den blei tilsett etter budsjettarbeid var ferdig. Lågare inntekt på matombringing enn budsjettert. |
| | 2530 | Helse og omsorgstenester i institusjon | Lønnsutgifter er høgare enn budsjettert sidan mangel på sjukepleiar krev at pleie- og omsorgsleiar deltek i dekning av beredskapsvaktene på lik linje som dei andre sjukepleiarane. |
| | 2531 | Pleie og omsorg i institusjon | Interne stillingsauke er årsak til at dei faste lønnsutgifter er høgare enn budsjettert for. Dette er gjennomført fordi fleire ønskjer å auke stillinga si. Det er også fleire ubemanna stillingar samt at sjukeheimen har lagt om turnusprogram til årsturnus.<br>Grunna stor sjukefråvær er det i periodar svært vanskeleg å kunne stettje grunnbemanninga. Budsjettet for sjukelønsrefusjon vert difor oppjustert med kr 600 000,-, men det dekkar berre delar av dei høge vikar- og overtidskostnadar. Sjukelønsrefusjon er lågare enn utgifter til vikarbruk, da det er knytt fleire ulike poster inkludert i betaling av vikar. I tillegg måtte det leigast inn vikar gjennom vikarbyrå grunna dårleg tilgang til lokale vikarar. Vikarutgifter vert oppjustert til kr 1 600 000,-<br>Det er ujamne brukartal og meir korttidsopphold dermed er inntektene lågare enn venta.<br>Tilskot til aktivisering av eldre og besøksvert vart avslutta i 2022 og alle ikkje brukte midlar måtte tilbakeførast til statsforvaltar i 2023, til saman kr.160 000,-. |
| | 2541 | Heimesjukepleie | Må sjåast i samanheng med sjukeheimen. Personalet som jobbar både på sjukeheimen og i heimesjukepleia har splitta løn, men splittinga gir berre eit lite inntrykk av fordelinga og all variabel løn vert ført på sjukeheimen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Delar til budsjettet vert flytta til sjukeheimen for å gje eit meir korrekt bilde. |
| | 2542 | Praktisk bistand | I balanse. |
| | 2543 | Tilskot. Psykisk utviklingshemma | Ikkje i bruk da ingen brukarar. |
| | 2343 | Tryggleiksalarm | I balanse. |

| **2500 Legetenester** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 4 481’ | 5 728’ | 78 % | |
| **Driftsramme** | **4 306’** | **5 848’** | 74 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 2500 Legetenesta | Oppsummering: | | Meirforbruk grunna sjukefråvær |
| | 2330 | Miljøretta helsevern | Ligg an til å halde budsjett |
| | 2410 | Diagnose, behandling, rehabilitering | Meirforbruk på vaktgodtgjersle på kr 440 000 kr grunna sjukefråvær. Vert ikkje refundert frå NAV, men eigne midlar frå bundne fond (Legevakt for distriktskommunar). |

| **2600 Sosialtenester** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 2 645’ | 4 347’ | 61 % | |
| **Driftsramme** | **4 645’** | **8 228’** | 57 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 2600 Sosiale tenester | Oppsummering: | | Ligg an til  halde budsjettet |
| | 2332 | Edruskapsvern | Mindreforbruk grunna  for få utførete skjenkekontrollar Fedje kommune har tidlegare kjøpt tenesta hjå Alver kommune. Fedje kommune har tilsett eigne kontrollørar for kontroll frå 01.06.2023. |
| | 2440 | Barneverntenesteste | Balanse |
| | 2510 | Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barneverntenesta | Balanse |
| | 2520 | Barnevernstiltak når barnet er plassert av barneverntenesta | Balanse |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2750 | Introduksjonsordninga | Balanse |
| | 2760 | Kvalifiseringsordninga | Kommunen er pliktig til å budsjettere ein sum til brukarar for ordninga – ikkje nytta i 2023 |
| | 2810 | Ytingar til livsopphald | Mindreforbruk kr 300 000,- |

| **3000 Teknisk kontor** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 2 152' | 2 854' | 75 % | |
| **Driftsramme** | **1 839'** | **2 760** | 67 % | |

| **3100 Kommunale bygg** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Forbruk | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| Løn m/refusjon | 788' | 1 772' | 45 % | |
| **Driftsramme** | **5 256'** | **6 076'** | 87 % | |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 3000 Teknisk kontor 3100 Kommunale bygg | Oppsummering: | | Teknisk kontor har ei stilling ubesett (kommunalsjef). Løn knytt til teknisk drift er ikkje fordelt på sjølvkostområda, difor er forbruk på 75% så høgt. Vi har kjøpt inn tenester frå andre kommunar/private selskap for å kunne yte tenester som vi er lovpålagt å levere. Gebyrregulativet er for lågt til å dekkje utgiftene. Gebyrregulativet for 2024 må justerast opp på alle områder slik at det går i 0 (sjølvkost) |
| | Løn: | | Ok. Stilling som kommunalsjef samfunnsutvikling står vakant. Tilsett 1 oktober |
| 3000: Teknisk kontor | Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen | | Det er eit overforbruk på administrasjon på over dobbelt av budsjett. Dette skuldast feilføring der løn skal fordelast på dei ulike tenestene<br><br>Utgifter til forsikring har auka, og ligg over budsjett.<br><br>Utgifter til sommarvikarar er ikkje lagt inn i budsjettet, men vert belasta drift, kommunale bygg<br><br>Det er utgifter til drift i kommunale bygg som barnehage, skule, sjukeheim som ikkje er budsjettert for. Dette skuldast mellom anna krav om utbetring etter tilsyn. Dette vil gå i balanse utover hausten ved å utsette utbetringar som ikkje er akutte, og fokusere på sparing av straum (sommarstengt basseng). |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det er satt av 70 000,- til byggesakshandsaming, og no ligg utgifta på kr 360 000,-. Dette skuldast at kommunen må leige inn kompetanse frå privat firma. Dette skal i følgje sjølvkost gå i null, men gebyra er for låge til å dekkje kostnadane. Me er lovforplikta til å levere desse tenestene (innan frist elles mister vi gebyr).<br><br>Det ligg og eit lite overforbruk på kart og oppmåling, men her er gebyra heva, og me ventar å gå i null ved årsslutt.<br><br>Brannberedskap ligg og an til underskot. Det skuldast mellom anna at utgifter til det interkommunale brannsamarbeidet som er organisert av Bergen brannvesen har auka (ny 110 sentral) og fleire utrykkingar enn vanleg.<br><br>Vassverket ligg på budsjett, men distribusjon av vatn er over budsjett. Dette skuldast auka utgift til drift/reparasjon og må sjåast i samanheng med sjølvkostbudsjett for 2024. |
| 3100: Kommunale bygg | Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen | Fedje kommune har brukt ein god del midlar til å pusse opp og gjere klar bustadar til flyktningane. Dette er det ikkje budsjettert for.<br><br>Det var satt av 9000,- til ungdomsklubben, men i samband med flyttinga er det brukt 56 000,-. Det skuldast diverse oppgraderingar etter flytting til nytt lokale. Dette vil me innarbeide i drifta slik at det går i balanse utover hausten.<br><br>Det er eit overforbruk på dei kommunale bustadane. Det skuldast diverse oppgraderingar og kjøp av møbler i mottak av flyktningar. Desse utgiftene vil bli dekkja av integreringstilskot frå staten.<br><br>Det er overforbruk på Fyrvoktarbustaden og helikopterplassen. Det skuldast mellom anna auka utgifter til straum. Leiga er regulert opp i juli 2023.<br><br>Det er eit overforbruk på Den norsk kyrkja. Det skuldast utskifting av lyskastarar som lyser opp kyrkja. |

| | | |
|---|---|---|
| | Husleige | Vi har pr. 1 september leigd ut alle dei kommunale bustadane, bortsett frå ein som blir ledig frå 1. september.<br><br>Så langt i 2023 har kommunen tapt 74 000 kr på gratis leige dei 3 første månadane. I tillegg har kommunen to bustader som vert nytta som tenestebustader, den eine har heilårs verknad, den andre har me inntektstap på 4 månader for 2023. |

| **4000 Finansiering** | Tertialrekneskap | Budsjett 2023 | Andel |
|---|---|---|---|
| Skatteinntekter | 12 188’ | 18 273’ | 67 % |
| Rammetilskot | 32 178’ | 45 376’ | 71 % |
| Tilskot Flyktningtenesta | 4 362’ | 8 256’ | 53 % |
| **Driftsramme** | **49 412’** | **71 289** | 69 % |

| **Ansvar** | **Teneste** | **Tenesteområde** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| 4000 Finasiering | Oppsummering: | | Me ligg an til å treff godt på budsjettet |
| | 2830 | Bistand til etablering og oppretthald av eigen bustad | Renteinntekter vert ført ved årsslutt |
| | 8000 | Skatt på inntekt og formue | 4 % lågare enn på sam tidspunkt i fjor. |
| | 8400 | Statleg rammetilskot og generelle statstilskot | 6 % høgare enn på sam tidspunkt i fjor. |
| | 8500 | Generelle statstilskot vedr. flykningar | Vert betalt kvartalsvis. Er difor i utakt med tertial. |
| | 8700 | Renter/utbytte og lån | Forventa 1 000’ meir i utbytte frå BKK enn budsjettert.<br>Ligg an til å bli noko høgare renteutgifter enn budsjettert |